

# Årsmelding

# Samnanger Turlag

# 2014



Foto: Evy Gjerde Urås

## Stifting

Samnanger kommune ved folkehelsekoordinatoren tok initiativ og inviterte innbyggjarane til møte for å sjå om det var interesse for eit turlag i kommunen. Det var det, og etter nokre rundar til med møter vart Samnanger Turlag stifta 16. februar 2014 med fylgjande interimsstyre:

Leiar	Evy Gjerde Urås
Styremedlem	Vibeke Raae
Styremedlem	Niels Dyrøy Bødker
Styremedlem	Ole Johan Klyve

Overordna målsetting er å få samningane, ung som gamal, ut på tur. Vedtekter for laget vart godkjent på stiftingsmøtet og laget vart registrert i Brønnøysundregisteret. Mål for året er å bli eit lokallag under Bergen og Hordaland Turlag.

## Hyttetilsyn Gullhorgabu

Bergen og Hordaland Turlag si nyaste hytte, Gullhorgabu, ligg ved Nedre Gulltjørn i Samnanger Kommune og me fekk førespurnad om turlaget vårt ville ha tilsyn med hytta. På null komma niks hadde me fem ivrige personar i hyttetilsynet. Hyttetilsynet består av fylgjande personar:

Leiar	Niels Dyrøy Bødker
Medlem	Ole Johan Klyve
Medlem	Margunn Lønnebakken
Medlem	Vigleik Tysseland
Medlem	Arnfinn Jørgensen

Gullhorgabu vart offisielt opna 22. juni 2014 av vår eigen ordførar Marit A. Aase. Me arrangerte fellestur frå Kvitingen den dagen, og det var ca. 350 personar til stades på opninga.



Foto: Evy Gjerde Urås

Hytta er sjølvbetjent og har 34 sengeplassar og har blitt ein suksess frå fyrste stund. I 2014 var det 2105 besøk totalt, der 1689 var overnattingsdøgn og 531 var dagsbesøk. Hytta er flittig brukt til fellesturar av mange lokallag/grupper og skuleklassar vitjar og hytta.

I 2014 har hyttetilsynet deltatt på dugnad i forkant av at hytta skulle opnast, der proviant og utstyr vart flydd inn med helikopter, og hyttetilsynet vårt har elles utført 7 vanlege tilsyn i 2014, og i tillegg 2 dugnadsdagar med helitransport i september.

## Ambassadørkurs

Som del av arbeidet mot å bli eit lokallag under Bergen og Hordaland Turlag i Den Norske Turistforening (DNT), ynskte me å presentere DNT for Samningane. Me inviterte til ambassadørkurs 19. mars med Bjørn-Olav Hagesether som kurshaldar. Det var 17 personar som deltok og fekk ein flott introduksjon frå ein engasjert og erfaren kurshaldar/turleiar.

Ambassadørkurset er fyrste del av turleiarutdanninga til DNT og er ein presentasjon av DNT som organisasjon og arbeidsgjevar. I tillegg tek det for seg strategi, mål og verdigrunnlag i DNT, organiseringa og det praktiske rundt eit turleiaroppdrag, korleis ta inn på hytte, rutinar og rettigheter på hyttene og friluftslivslova og allemannsretten.

## Program

I 2014 har me hatt 13 fellesturar på programmet og Kom Deg Ut-dagen i september.

Opningsturen vår tysdag 25. mars var ein kveldsmattur til Teigen i strålande vær. Me serverte pølser frå bålpanna, arrangerte ein lengre tur for dei som ynskte det og la til rette for aktivitetar, før me avslutta med eit eventyr. Over 70 personar deltok og me var overvelda over oppslutninga. BKK støtta oss med midlar til denne turen og annonsering av programmet.



Barnas turlag har hatt 3 kveldsmatturar på våren (mars-mai) og 3 på hausten (august-oktober). Det har vore svært god oppslutnad om desse turane (40 i snitt). Me har hatt turar der turen i seg sjølv er i fokus, men og fleire turar med aktivitetar og grilling på bål eller bålpanne. Maskoten Turbo har sjølvsagt vore med, og han har fått haik med mange flotte ungar og fått køyre zipline for kosedyr.

Det har vore 6 søndagsturar av ulik lengde. Eit par familieturar og nokre for ungdom/vaksne.

Me hadde og ein kombinert tur til fots og på ski, men der var det dessverre berre turleiar med kompanjong som deltok. Sidan den turen er nydeleg og kom litt i skvis mellom mange andre arrangement den helga, kjem den turen att i programmet for 2015 og.

I snitt deltok 31 personar på arrangementa våre i 2014. Veldig mange av turane var i nydeleg vær. Styret er vel nøgd med oppmøtet, men me ynskjer meir deltaking på turane for ungdom/vaksne.



Foto: Evy Gjerde Urås

Kom deg ut-dagen 7. september arrangerte me på Neset friluftsområde på Ådland frå kl 12-15. Der hadde me turtipp frå parkeringsplassen ned til Neset, pil og boge, 8 kanoar, lassokasting, kaste ballar på blekkboksar, volleyball og varm bålpanne. Nærmare 100 personar deltok og hadde ein flott aktivitetsdag i overskya vær.

## Kulturell aktivitetsdag

På førespurnad frå kommunen deltok me med aktivitetar på kulturell aktivitetsdag 17. juni på Neset på Ådland. Dette er eit arrangement der flyktningane i kommunen får ein særskild invitasjon, men det er elles ope for alle som vil delta. Ca 20 personar deltok. Det var grilling, bading, volleyball, ringspel, gjetteleik i blinde, natur-memoryspel, natursti og høgdepunktet; slå i spikar-stafett.

## Folk til Fjells

Sidan 1998 har Samnanger Idrettslag plassert ut bøker på ulike turmål i kommunen for å motivere Samningane til å gå ut på tur. Ein kan registrere namnet sitt i boka og vere med i trekning om premiar etter at sesongen er over. På årsmøtet til Samnanger Idrettslag fekk Samnanger Turlag førespurnad om å ta over Folk til Fjells frå idrettslaget. Det takka me ja til, då det høyrer naturleg inn under vår aktivitet og kan vera ein inspirasjon til å ta seg ein tur ut i naturen, gjerne på andre stader enn ein normalt går.

Det er tre faste poster som har gått att sidan 1998: Raudvatnet, Nordvikasætra og Smådalen. I tillegg er det fire postar til kvart år. I 2014 plukka me ut Mosatjørn, Botnahytta, Hedlo og Stutabotn for å nokolunde dekke heile kommunen med turmål.

Me har talt opp kor mange som har skrive i bøkene i 2014.

Raudvatnet	722 (All time high!) (Snitt 474)
Nordvikasætra	255 (snitt 260)
Smådalen	382 (snitt 351)
Mosatjørn	91
Botnahytta	83
Hedlo	160
Stutabotn	22
Til saman	1715



Det er litt under snittet på 1838 noteringar pr. år frå 1998-2014, og kva turmål ein plukkar ut påverkar statistikken. Dei tre faste postane gjer det bra i 2014.

Me har trekt 3. premiar blant dei som har skrive i bøkene.

1. premie DNT silkelakenpose Markus Martinus Hansen, Fusa (Nordvikasætra)
2. premie turhandkle Torolv Ragnar Spartveit, Fana (Stutabotn)
3. premie DNT hue Mathea Hitland, Lønnebakken (Mosatjørn)

## Lokallag i DNT under Bergen og Hordaland Turlag

Målet for 2014 var å bli eit lokallag i DNT under Bergen og Hordaland Turlag. I august sendte me inn søknad om dette. Den vart handsama og godkjent av Bergen og Hordaland Turlag sitt styre i september. I tillegg skal fellesmøtet godkjenne opptak av nye lokallag. Fellesmøtet er ei forsamling av Bergen og Hordaland turlags æresmedlem, styre, lokallag, grupper i Bergen, kontrollutval, leiar i valnemnd, leiarar i styreutnemnde utval, tilsette og eventuelle gjester, og samlast to gongar i året. Den 8. november var det fellesmøte i Sund og der deltok Evy og Vibeke frå Samnanger Turlag sitt styre. Fellesmøtet hadde ingen innvendingar mot at Samnanger Turlag skulle bli eit lokallag og me vart dermed det 13. lokallaget under Bergen og Hordaland Turlag. Me gleder oss over å vere ein del av dette turfellesskapet!

Samnanger hadde ved inngangen til 2014 110 DNT medleamar. Ved utgangen av 2014 var dette talet 187. Veldig gledeleg auke (70%) og me håpar endå fleire kjem til i åra som kjem. Alle er hjarteleg velkomne som medleamar i vårt turlag/DNT og me håpar mange vil vere med oss ut på tur i 2015.

◀ Kom deg ut

Meld deg inn ▶



Foto: Evy Gjerde Urås

## Tryggleik på tur

Eit turlag må ha fokus på tryggleik og vurdere risikoen på arrangementa ein tilbyr.

I styret har me utnemnt Niels Dyrøy Bødker til å ha ansvar for tryggleiken i laget. Tre frå styret var med på Bergen og Hordaland Turlag si storsamling om tryggleik på Os i juni. To frå styret deltok på fellesmøtet i Sund og fekk med seg seminar om risikovurdering av store arrangement og på fellesturar.

Eitt fokusområde for å styrke tryggleiken er å utdanne turleiarar etter DNT sitt eige program. I 2014 har tre personar (to frå styret) tatt grunnleggjande turleiarkurs. Me håpar at me får fleire til å ta grunnleggjande kurs i 2015 og at nokon går vidare på sommarturleiarkurs også, slik at me kan bruke utdanna turleiarar på våre fellesturar.



I tillegg til å ta turleiarkurs må ein turleiar ha utvida grunnleggjande fyrstehjelpskurs. Interimsstyret deltok på Bergen og Hordaland Turlag sitt tilbod om dette i oktober. På arrangement med bruk av kanoar har me sytt for å ha med ein vaksen med livredningskurs. Me har også kjøpt inn ein turleiarsekk som går på rundgang. Den er utrusta med naudsynt tur- og fyrstehjelpsutstyr, samt beredskapsplan, og no sist GPS. I 2015 vurderer me å søke om midlar til innkjøp av satelittelefon

til turar i område med dårlig/ingen dekning. Til dømes er det ikkje dekning på Gullhorgabu.

I DNT systemet er det gode malar og skjema som me kan nytte i tryggleiksarbeidet. Turane våre er gradert etter vanskegrad slik at ein sjølv kan vurdere om det er ein tur ein klarar å delta på. På lengre turar og påmeldingsturar vil turleiar verifisere i forkant av turen om alle deltakarane har føresetnad og utrustning til å gå turen. På Barnas Turlag sine turar skal barn alltid vere i fylgje med ein vaksen. I forkant av turane gjer turleiar ei risikovurdering og etter turen ei evaluering. Heile rapporten leverast til tryggleiksansvarleg i laget for gjennomgang og arkivering.

## Økonomi

Som nystarta lag i 2014 hadde me ingen pengar når me skulle i gang. Heldigvis fekk me napp hjå det lokale BKK slik at me fekk handla inn utstyr og mat til opningsarrangementet vårt, samt dekkja annonsering av opninga og heile turprogrammet vårt for 2014.

Elles søkte me om midlar hjå fylket, kommunen, Sparebanken Vest og DNT (Kom deg ut-dagen). Me fekk napp hjå kommunen, Sparebanken Vest og DNT. Sidan me inngjekk avtale om hyttetilsyn med Gullhorgabu fekk me dugnadsmidlar på kr 7 000 som me ikkje hadde rekna med i fyrste omgang når me budsjetterte. I tillegg inngjekk me på hausten ein partnerskapsavtale med kommunen om vedlikehald av turstiar, samt arrangere diverse arrangement saman med/for dei i løpet av året, og dette gav oss dugnadsmidlar på kr 5 000 som me heller ikkje hadde rekna med i budsjetterunden. Dermed fekk me ein solid økonomi og har i 2014 mottatt kr 35 000 i tilskot/støtte. I tillegg fekk me kr 15 000 i startstøtte frå Bergen og Hordaland Turlag då me vart eit lokallag i november. Dei midlane har me valt å inntektsføre i 2015, sidan me var ferdig med årets aktivitet når me fekk dei.

Me har hatt kostnader på kr 20 813 i 2014. Det fordelar seg på annonsering, diverse forbruksmateriell til turane, diverse turutstyrsinvesteringar og gjennomføring av Kom deg ut dagen. Me har kjøpt GPS med kart, solid blåpanne, turleiarsekk med naudsynt innhald og vanleg kart og kompass og alt kan nyttast i lang tid framover.

Året 2014 viser eit overskot på kr 14 199.

Dei midlane som er til overs vidarefører me til aktiviteten i 2015. Me ser oss nøydd til å ha pengar att på bok for å kunne dekke arrangementskostnader for fyrste halvår, då midlar ein kan søke på ikkje blir utbetalt før i juni eller etter at arrangementet er ferdig og rapportert på og dermed betalt for og.



## **TAKK**

Me vil til slutt takke dei som har støtta oss, stilt opp som frivillige og deltatt i året som har gått.

Tusen takk til BKK, Samnanger Kommune, Sparebanken Vest, Bergen og Hordaland Turlag og DNT for økonomisk støtte. Tusen takk til Beate Helle for flott designjobb på programmet vårt, samt annonsar og plakatar til Kom deg ut-dagen. Ein stor takk til folkehelsekoordinator Meline H. Haugland for å ha dratt det heile i gang, og takk til ho og kontordamene i Samnanger Kommune som kopierte opp programmet for oss. Takk til alle som køyrde/delte ut programma i postkassane.

Tusen takk til Spar Tysse for frukt til familietur og premiar til avslutningstur. Mange takk for ein fantastisk jobb til heile hyttetilsynet og andre som har vore med på dugnad på Gullhorgabu. Takk til alle i Bergen og Hordaland Turlag som har svart på mange spørsmål, kome med gode råd og erfaringar på vegen og anna bistand. Fantastisk god hjelp å få frå dykk alle, og Jane Britt Daae spesielt nemnt. Takk til Bjørn-Olav Hagesether for eit inspirerande ambassadørkurs.

Tusen takk til alle som har stilt som turfylgje/turleiar i 2014 og dei som har hjelpt til på turane/arrangementa våre eller lagt ut/henta bøker for Folk til Fjells. Gull verdt! Til slutt må me få takke alle som har deltatt på vårt aktivitetstilbod i 2014. Den gode oppslutnaden gjorde at me gjekk vidare med prosessen om å bli eit lokallag. Håpar de blir med oss i 2015 og! Og dersom nokon er gløymt sender me ei stor takk til dei og.

**Styret i Samnanger Turlag**